# Årsregnskap for regnskapsåret 2010

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnr: | 986 880 224 |
| Navn/foretaksnavn: | LUSTER VESTRE FJELLSTYRE |
| Forretningsadresse: | Lomheim 10 |
| | 6869 HAFSLO |

Brønnøysundregistrene
06.09.2020

**Brønnøysundregistrene**
Postadresse: 8910 Brønnøysund
Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00  Telefaks 75 00 75 05
E-post: firmapost@brreg.no  Internett: www.brreg.no
Organisasjonsnummer: 974 760 673

Brønnøysundregistra

Rekneskapsregisteret

# VEDLEGG TIL ÅRSREKNESKAP 2010

Brønnøysundregistra
Rekneskapsregisteret
8910 BRØNNØYSUND

| | Organisasjonsnr. | |
|---|---|---|
| LUSTER VESTRE FJELLSTYRE<br>6876 SKJOLDEN | 986 880 224 | ANNA |

| Registrerte opplysningar per 04.08.2011 | | Eventuelle endringar dette rekneskapsåret | |
|---|---|---|---|
| Startdato | Avslutningsdato | Startdato | Avslutningsdato |
| 01.01.2010 | 31.12.2010 | | |
| Konsernforhold<br>Foreiningar som følgjer reglane for frivilleg verksemd, kan ikkje vere morselskap | Morselskap<br>NEI | Endring av konsernforhold<br>☐ Morselskap | ☐ Ikkje morselskap |

Årsrekneskapen er sett opp etter reglane for frivillig verksemd ☐ Avkryssing er berre aktuelt for foreiningar (FLI) som er registrert i Frivilligregisteret

Dersom eininga ikkje følgjer norsk rekneskapslov, eller frivilligregisterlova, kryss av ☐ IFRS/ Forenkla IFRS selskap ☐ IFRS/ Forenkla IFRS konsern

Dersom eininga vel å avvike frå rekneskapslova § 6-1, kryss av ☐ Funksjon selskap ☐ Funksjon konsern

Blir rekneskapsreglane for små føretak følgde? ☒ Ja ☐ Nei

Eg stadfestar at den vedlagde årsrekneskapen er fastsett av kompetent organ den Dato

Stad/dato, Underskrift av representant for eininga

Gydl.

Berre til bruk for Rekneskapsregisteret tth /LRB

G ☒ NYVE ☐ Admr ☐ Kregn Ja ☐ Nei ☒ Utl kregn ☐

M ☒ Rets ☐ Ant.s 8

☐ ov.b ☐ årsb ☐ res ☐ bal ☐ e.bal ☐ gj.bal ☐ rev ☐ i-rev ☐ k-res ☐ k-bal ☐ k-n ☐ k-rev ☐ i-k-rev ☒ n

☐ alm.n ☐ kto ☐ d.k ☐ ik-fv ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ funk ☐ u.off ☐ brev

BR-1001-09

01012010-31122010
Regnskapsår: 2010

## Resultatsammendrag

for
Luster Vestre Fjellstyre

| | 2010 | 2009 |
|---|---|---|
| Salgsinntekt | 56 340 | |
| Annen driftsinntekt | 3 203 | 35 824 |
| **Sum driftsinntekter** | **59 543** | **35 824** |
| | | |
| Varekostnader | | 6 250 |
| Lønnskostnader | 11 032 | 6 138 |
| Avskrivninger | 12 538 | 13 060 |
| Andre driftskostnader | 38 542 | 28 223 |
| **Driftsresultat** | **-2 569** | **-17 847** |
| | | |
| Annen renteinntekt | 40 | 103 |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | **-2 529** | **-17 744** |
| | | |
| **Ordinært resultat** | **-2 529** | **-17 744** |
| | | |
| **Årsresultat** | **-2 529** | **-17 744** |

01012010-31122010 - **Balansesammendrag**
Regnskap 2010

For
Luster Vestre Fjellstyre Sidenr:

| | 2010 | 2009 |
|---|---|---|
| **EIENDELER** | | |
| **Anleggsmidler** | | |
| **Varige driftsmidler** | | |
| Tomter, bygninger og annen fast eiendom | 300 904 | 313 441 |
| **Sum anleggsmidler** | **300 904** | **313 441** |
| **Omløpsmidler** | | |
| **Fordringer** | | |
| Kundefordringer | | |
| **Investeringer** | | |
| Andre finansielle instrumenter | 32 750 | 32 750 |
| **Bankinnskudd, kontanter og lignende** | | |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | 57 125 | 46 099 |
| **Sum omløpsmidler** | **89 875** | **78 849** |
| **Sum eiendeler** | **390 779** | **392 290** |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | |
| **EGENKAPITAL** | | |
| **Opptjent egenkapital** | | |
| Annen egenkapital | 392 289 | 392 289 |
| **Sum egenkapital** | **392 289** | **392 289** |
| **GJELD** | | |
| **Sum langsiktig gjeld** | **0** | **0** |
| **Kortsiktig gjeld** | | |
| Leverandørgjeld | | |
| Skyldige offentlige avgifter | 1 058 | 1 |
| Annen kortsiktig gjeld | -40 | |
| **Sum kortsiktig gjeld** | **1 018** | **1** |
| Beregnet resultat | **-2 529** | |
| **Sum gjeld og egenkapital** | **390 779** | **392 290** |

KOH Luster Vestre Fjellstyre (N01) 02.08.11

Note

Styreleiar AstridE Lerum har fått utbetalt kr 5625 i lønn for 2010.

Det har elles vore vanleg drift i 2010.

Brønnøysundregistra
Rekneskapsregisteret

# VEDLEGG TIL ÅRSREKNESKAP 2010

Brønnøysundregistra
Rekneskapsregisteret
8910 BRØNNØYSUND

| | | |
|---|---|---|
| LUSTER VESTRE FJELLSTYRE<br>6876 SKJOLDEN | Organisasjonsnr.<br>986 880 224 | ANNA |

| Registrerte opplysningar per 12.07.2011 | | Eventuelle endringar dette rekneskapsåret | |
|---|---|---|---|
| Startdato<br>01.01.2010 | Avslutningsdato<br>31.12.2010 | Startdato | Avslutningsdato |
| Konsernforhold<br>Foreiningar som følgjer reglane for frivilleg verksemd, kan ikkje vere morselskap | Morselskap<br>NEI | Endring av konsernforhold<br>☐ Morselskap | ☐ Ikkje morselskap |

Årsrekneskapen er sett opp etter reglane for frivillig verksemd ☐ Avkryssing er berre aktuelt for foreiningar (FLI) som er registrert i Frivilligregisteret

Dersom eininga ikkje følgjer norsk rekneskapslov, eller frivilligregisterlova, kryss av ☐ IFRS/ Forenkla IFRS selskap ☐ IFRS/ Forenkla IFRS konsern

Dersom eininga vel å avvike frå rekneskapslova § 6-1, kryss av ☐ Funksjon selskap ☐ Funksjon konsern

Blir rekneskapsreglane for små føretak følgde? ☒ Ja ☐ Nei

Eg stadfestar at den vedlagde årsrekneskapen er fastsett av kompetent organ den Dato 12/7-2010

Stad/dato, Underskrift av representant for eininga Astrid L. Lerum

## Berre til bruk for Rekneskapsregisteret

G ☐ NYVE ☐ Admr ☐ Kregn Ja ☐ Nei ☐ Utl kregn ☐

M ☐ Rets ☐ Ant.s

ov.b årsb res bal e.bal gj.bal rev l-rev k-res k-bal k-n k-rev l-k-rev n

alm.n kto d.k ik-fv funk u.off brev

BR-1001-09

# LUSTER VESTRE FJELLSTYRE

## Årsmelding 2010.

Luster vestre fjellstyre har vore samla til 3 styremøter og handsama 23 saker.
Det har vore godt frammøte på møtene.
Av saker fjellstyret har arbeid mest med, er fornying og forlenging av bestandsplanen frå 2-årig til ein 4-årig plan, og utlysing av hjortejakta 2010-2013, i henhold til bestandsplanen.
Fjellstyret har laga hyttereglar for fjellstyrehytta, og Einar Fortun som oppsyn, har sett dei i plastomslag og teke det med opp i hytta.
Det var 6 lokallag som hadde levert søknad på hjortejakta, og trekking vart føreteke ved Luster lensmannskontor. «Vinnaren» var laget til Geir Ove Optun, Hafslo.
Jaktperioden for 2010, var i tida 10. september til 23. desember.
Rapport frå jaktlaget fortel at det er mykje trakk, men lite observasjon av dyr. Jaktresultatet vart 6 dyr, 1 bukk, 1 spissbukk, 1 kalv og 3 koller. Dyra hadde god vekt, unnateke kalven som var særs liten, men i godt hald.
Knagenhjelm har gjeve jaktlaget nykkel til bomveg opp til Vassløysa. Dette er klart ei god hjelp ved utbering av slakt nord i terrenget.
Jaktlaget er godt nøgd med hytta, og den er mykje nytta.
Oppsynet ved Einar Fortun har hatt fleire turar i allmenningen. Det er ikkje meldt om skadeskyting av hjort. Hytteområdet ute ser greitt ut. Det er skifta lås i hyttadøra denne sommaren. Gamlehytta er brent ned, og tomta er rydda. Restane etter hytta er frakta ned med helikopter, på returen av jaktlaget. Dette var etter avtale med Luster kommune ved å få helikopterløyvet.

Økonomien til fjellstyret viser eit underskot på kr 2529,-
og bankinnskot på kr. 57 125,45.

Rekneskapen er bygd på intensjonen om fortsatt drift.

Styret:
Astrid E. Lerum, leiar
Kjell Skjolden, nestleiar
Anne-Lise Aasen, kasserar
Arve-Henning Bringe, skrivar
Trygve Lerum, styremedlem

revisjon
SOGN OG FJORDANE REVISJON IKS

| Vår referanse | Vår dato: |
|---|---|
| IL/ | 26. april 2011 |

Kopi til:

Til
Luster Vestre Fjellstyre
v/Styreleiar Astrid E. Lerum
Sørheim,

6876 SKJOLDEN

**REVISJONSMELDING**

**Uttale om årsrekneskapet**

Vi har revidert årsrekneskapet for Luster Vestre Fjellstyre, som er samansett balanse per 31. desember 2010, resultatregnskap som viser et underskot på kr 2 529,- for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen, ein omtale av vesentlige brukte rekneskapsprinsipp og noteopplysningar.

*Fjellstyret sitt ansvar for årsrekneskapet*

Fjellstyret er ansvarlig for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med fjellova med forskrifter og Statsskog sitt rundskriv1/2003 og for slik intern kontroll som fjellstyret finn nødvendig for å gjera det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

*Revisors oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for fjellstyret si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ein dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

*Konklusjon*
Etter vår meining er årsrekneskapet avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige eit uttrykk for den finansielle stillinga til Luster Vestre Fjellstyre per 31. desember 2010, og av resultatet for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med fjellova med forskrifter.


| Postadresse | Telefon /telefaks | E-post: | Vår saksbandsamar | Føretaksnummer: |
|---|---|---|---|---|
| Askedalen 2 | 57 65 63 42 | post@sf-revisjon.no | Ingvar Linde | 987 803 223 |
| 6863 Leikanger | 57 65 63 50 (faks) | marianne.vara@sf-revisjon.no | ingvar.linde@sf-revisjon.no | |
| | | | 95062928 | |

**Utsegn om andre tilhøve**

*Konklusjon om attestasjonsoppgåver etter Statskog sitt rundskriv 1/2003*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at

- Fjellstyret sitt tilskot til allmennyttige formål er i samsvar med gjeldande bestemmelsar
- tilsette/engasjert personell har ført timelister i samsvar med gjeldande bestemmelsar
- kostnader knytt til arbeidsoppgåver som gir grunnlag for tilskot går klart fram av fjellstyret sitt rekneskap eller notar til rekneskapet.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt sin plikt til å sørgja for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av fjellstyret sine rekneskapsopplysningar.

Ingvar Linde
Ansvarlig revisor

Konrad Haugen
revisor